

PROGRAM

Onsdag 21. oktober

11.30 - 12.30	Registerering og lunsj
12.30 - 12.45	Velkomen v/Anna Ehrhardt, direktør - Ryfylkemuseet
12.45 - 13.30	Bygningsvernundersøkinga i Rogaland v/Kirsten H. Fosstveit
13.30 - 13.35	Kaffipause
13.35 - 13.50	Utdanningssystemet med skråblikk frå bygningsvernside v/Rørosmuseum
13.50 - 14.50	Erfaringsutveksling - opplæring av nye (tradisjons?) handverkarar (gruppediskusjonar)
14.50 - 15.00	Kaffipause
15.00 - 16.00	Kvar gruppe presenterer
ca. 18.00	Middag og sosialt opplegg ved kvart vertsmuseum

Torsdag 22. oktober

09.00 - 10.30	Nettverksmøte
10.30 - 10.40	Oppsummering og avslutting av digital fellesdel
10.40 - 10.45	Kaffipause
10.45 - 11.00	Diskusjon og innspel til bygningsvernkongressen 2021
11.00 - 12.00	Praktisk innslag, lokalt ved samlingsstad
12.00 - 13.00	Lunsj
13.00 - 13.30	Oppsummering og avslutting ved samlingsstad

NETTVERKSSAMLING 2020

Bygningsvern - Museumsnettverk for tradisjonshandverk



Foto: Lærling ved Ryfylkemuseet, Ådne Jordebrekk Fermann, tok sveinebrev i 2018. Prøva gjekk ut på å konstruera - med vinklar og innfellingar - ein gavl, og å kle den med ståande kledning. Her står Ådne (t.h.), etter vel bestått sveineprøve, saman med (f.v.) Stina Ekelund Erlandsen, Kjell Gunnar Haraldseid og Sven Hoftun.

Temaet for nettverkssamlinga er **Moderne handverkarar med tradisjonelle kunnskapar**. Me ønskjer å belysa problem og løysingar innan kompetanse og rekruttering. Me vil sjå på dette temaet frå to sider: musea og utdanningssektoren.

Musea

I 2019 gjennomførte musea – på bestilling frå Kulturdepartementet og Kulturrådet – ei landsdekkande bygningsvernundersøking. I bestillinga var det lagt vekt på tilstandsvurdering, men det blei òg spurt etter forslag til tiltak og kostnad for istandsetjing. Dette gav eit bilete av ressursbehovet ved musea per 2019.

I Rogaland valde dei fem regionmusea å gå saman om dette arbeidet, og dei lot bygningsantikvar i Fellestjenestene (for musea i Rogaland) leia prosjektet. Resultatet kan lesast i rapporten «Bygningsvernundersøkinga – erfaringer fra Rogaland» (2020). Ikkje overraskande viser rapporten at me treng fleire handverkarar på musea. For å gjennmføra naudsynte tiltak på bygningane i samlinga treng me 150 årsverk – berre i Rogaland! Denne konklusjonen reiser sjølvstøtt spørsmål om finansiering, men eit like viktig spørsmål handlar om handverkarane: Kven er alle desse handverkarane? Kva kompetanse skal dei ha, og korleis skal dei tilegna seg denne kompetansen?

Dei siste åra har det vore ei auka satsing på bygningsvern og tradisjonshandverk. Fleire museum har dessutan gått gjennom generasjonsskifte, der handverkarar som har arbeidd ved musea i tjuetretti år nå er gått av med pensjon. Mange museum har slik hatt høve til å tilsetja handverkarar, i prosjekt eller faste stillingar. Til dømes har alle dei fem regionmusea i Rogaland tilsett handverkarar til bygningsvernarbeidet dei siste fire åra. Er det relevante søknader til denne type stillingar? Korleis kan me sikra at me har kompetente handverkarar i framtida?

Utdanningssektoren

Ein føresetnad for å få fram gode handverkarar er god utdanning og opplæring. Fagskular og bachelorutdanninga på NTNU har gitt tradisjonshandverkarane kompetanse på eit nytt nivå. Men korleis ser det ut med tilbodet innan tradisjonshandverk og bygningsvern på grunnnivå - i den vidaregåande skulen?

Tradisjonelt er det fleire vegar å gå – for å bli tradisjonshandverkarar. Mellom anna:

- Lærling på museum: Kor mange museum har lærlingar (kvifor/kvifor ikkje)? I dag er tradisjonshandverk og bygningsvern eit eige fag på sida av dagens tømmerutdanning. Finst det gode døme på korleis ein kan ta inn lærlingar i tradisjonshandverk?
- Utdanning på fagskule med fokus på tradisjonshandverk: Utdanning på grunnnivå, mellomnivå og avansert nivå. Kven søker? Kva kunnskapar har desse med seg? Er det tilbod for heile landet?
- Etterutdanning av monteringshandverkarar: Kurs, samlingar eller læra på museum? Er det "godt nok"?

Nettverkssamlinga

Me ønskjer å bruka nettverkssamlinga til å få fram erfaringar og spørsmål som musea sit med rundt årets tema, og me legg difor opp til gruppediskusjonar ved dei ulike samlingsstadene: Sand, Skien, Oslo, Røros, og Bardufoss.

For meir informasjon om påmelding og praktisk info:

ryfylkemuseet.no/nettverkssamling-2020/

Påmeldingsfrist: 5. oktober kl 12.00